



HERØY
kommune



Foto: Bjørnar Torvholm Sævik

Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2024-2028



Innhald

Innleiing	5
Omgrep og definisjonar	4
Status og utviklingstrekk lokalt	5
Folketalet går ned og vi blir fleire eldre	5
Ulikskapen aukar	6
Visjonar og mål	7
Hovudmål	7
Visjon	7
Evaluering av den førre planperioden	9
Spelemidlar	9
Oversikt over anlegg som fekk spelemedielstøtte i førre planperiode	10
Føringer for planen	13
FN sine berekraftsmål	13
Nasjonale føringer	13
Regionale føringer	13
Kommunale føringer	14
Planprosessen	14
Organisert idrett	15
Fleire skal delta i organisert idrett	15
No-situasjonen	15
Barrierar for deltaking i organisert idrett	18
Ordinære anlegg for idrett og fysisk aktivitet	19
Fysisk aktivitet	20
Nærmiljøanlegg	14
Friluftsliv	25
Tilrettelegging og tilgjengeleghet	25
Statleg sikra friluftsområde	25
Friluftslivets ferdselsårer	26
Motivasjon for friluftsliv	27
Utfordringar og moglegheiter	27
Utfordringar	27
Moglegheiter	27
Handlingsprogram	29
Prioritering av tiltak og anlegg	29
Langsiktige behov	34
Kart	34

Innleiing

Idrett og fysisk aktivitet er det flest menneske deltek i på fritida. For mange er idrett og friluftsliv ikkje berre kjære aktivitetar, men også noko som skapar identitet og relasjonar. Det er velkjent at aktivitetar og naturmøte bidreg positivt til enkeltmenneske si mentale og fysiske helse.

Denne kommunedelplanen skal vere eit arbeidsdokument for kommunen sin administrasjon og ein politisk styringsreiskap for utvikling. Planen dekker ansvarsområda idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. Gjennom planen vil vi peike på behova på desse områda, både samfunnsmessige og idrettspolitiske behov.

Vi skal legge til rette for at alle som vil, skal kunne delta i idrett og fysisk aktivitet uavhengig av alder, økonomi, helse og sosiale forhold. Anlegg og aktivitetar som er etablerte eller skal planleggast, må utformast og leggast til rette med sikte på dette.

I kommuneplanen sin samfunnsdel har vi sett søkelyset på nokre gjennomgåande perspektiv. Desse perspektiva skal bidra til at vi utviklar samfunnet på ein måte som fremjar folkehelsa og utjamnar sosiale helseulikskapar.

Livsmeistring: fremje god psykisk og fysisk helse, slik at du som innbyggjar er i stand til å ta ansvarlege livsval

Likestilling: inkludere alle, uavhengig av alder, kjønn, funksjonsevne, etnisitet, religion, seksuell orientering, kjønnsuttrykk, sosial bakgrunn og andre forhold

Berekraft: vareta FN sine berekraftsmål i den kommunale forvaltninga

I denne planen har vi lagt inn dei enkelte berekraftsmåla der dei er spesielt relevante.

I arealplanlegginga vert det å prioritere idrett- og friluftsformål heilt avgjerande for å betre folkehelsa, skape trivsel og gjere lokalsamfunnet meir attraktivt og mangfaldig.



Omgrep og definisjonar

Vi legg desse definisjonane til grunn i planen:

Idrett er organisert aktivitet i form av trening eller konkurranse.

Fysisk aktivitet er eigenorganiserte trenings- og mosjonsaktivitetar, blant anna friluftsliv og aktivitetar prega av leik.

Friluftsliv er i denne planen inkludert i omgrepet fysisk aktivitet. Det er i tråd med Kulturdepartementet sin rettleiar for planarbeid.

Folkehelse er den heilsakaplege helsetilstanden i befolkninga. Den handlar både om den fysiske og psykiske helsa og om dei sosiale helseforskjellane, trivsel og sosial ulikskap.

Livsmeistring dreiar seg om å kunne forstå og påverke faktorar som har betydning for meistring av eige liv. Det å handtere medgang og motgang på best mogleg måte.

Likestilling dreier seg om at alle skal ha likeverdige moglegheiter til å utvikle seg.

Sosioøkonomisk status nyttar vi for å beskrive både sosiale og økonomiske forhold.

Universell utforming dreier seg her om at anlegg for idrett og fysisk aktivitet skal kunne brukast av alle menneske, uavhengig av funksjonsnivå.

Ungdata er ei barne- og ungdomsundersøking der skuleelevar over heile landet svarar på spørsmål om korleis dei har det, kva dei driv med på fritida med meir. Undersøkinga har vore gjennomført omrent kvart tredje år sidan 2014, og gir oss eit godt innblikk i korleis det er å vere ung i Herøy.

Rullering av plan og handlingsprogram vil seie å gjere større eller mindre endringar i ein tidlegare plan.

Idrettsanlegg vert i samanheng med spelemiddelordninga klassifisert som:

- nærmiljøanlegg: anlegg eller område for eigenorganisert fysisk aktivitet, vanlegvis plassert i nærleiken av bu- og/eller opphaldsområde
- ordinære anlegg: anlegg for organisert og eigenorganisert idrett og fysisk aktivitet, knytt til konkurranse- og treningsverksemd
- friluftslivsanlegg: dagsturhytte, gapahuk, sanitæranlegg, turkart, sjøsportkart, baderamper for rullestol, turpadleanlegg, utandørs stupetårn, Via Ferrata, turvegar, tur-/skiløyper og tursti med tilhøyrande lysanlegg, brutiltak, skilt og merke

Status og utviklingstrekk lokalt

Kommuneplanen sin samfunnsdel peikar på at vi skal ha eit levande lokalsamfunn og attraktive bustadområde i alle bygdelaga i kommunen. Vi skal ha eit inkluderande lokalsamfunn som kjenneknast av å vere open, raus og tolmodig med sine medmenneske.

Folketalet varierer og vi blir fleire eldre

Innbyggartalet i Herøy varierer, i hovudsak med bakgrunn i innvandring, folketale viser likevel ein nedgåande trend.

Vi kjem til å få ein kraftig vekst i talet på eldre i åra som kjem. Dei som når pensjonistalder i Noreg i dag, kan forvente å leve to tiår som pensjonistar. Den aldrande befolkninga er ei av dei viktigaste samfunnsendringane vi står overfor. Vi må møte utfordringa med blant anna å legge særleg til rette for at eldre kan vere fysisk aktive.

2016	2020	2023	Prognose 2030
8792	8900	8842	8456

År	2016	2023	Prognose 2030
Alder			
0-24	30,8 %	28,4 %	25,4 %
25-44	24,8 %	23,1 %	21,7%
45-74	36,3 %	38,7 %	39,8 %
75-79	3 %	4,2 %	5,3 %
80 +	5,1 %	5,6 %	7,7%

Ulikskapen aukar

Den siste Ungdata-undersøkinga i Herøy viser at det er store forskjellar på aktivitetsnivået til barn og unge:

- Dei fleste barn eller unge har vore innom ulike typar organisert idrett. Samtidig er det færre ungdomsskuleelvar som deltek i ein idrettsklubb i Herøy enn i landet elles.¹ Ein stor del av jentene sluttar i overgangen mellom Barneskule og ungdomsskule.
- Mange ungdommar er aktive i eigenorganisert trenings.
- Om lag 15 prosent av ungdommane i Herøy vert rekna som fysisk inaktive, det vil seie at dei trenar sjeldnare enn ein gong i veka.

Nokre generelle trekk:

- 22 prosent av innbyggjarane i Herøy opplever å ha funksjonsnedsettingar eller plager som følgje av skade. Det store fleirtalet blant desse opplever at funksjonsnedsettinga påverkar kvardagen i ein eller annan grad. I tillegg har vi dei som opplever funksjonsnedsetting som følgje av at dei vert eldre.
- 14,8 prosent av innbyggjarane i Herøy har innvandrarbakgrunn.
- Kroppsvekta aukar. I Herøy vert 32 prosent rekna som overvektige.² Snittet for landet er 22 prosent.
- Vedvarande låginntekt er ein vanleg måte å definere fattigdom på.³ 8,9 prosent av innbyggjarane i Herøy lever i ein husstand med vedvarande låginntekt. Dette inkluderer cirka 153 barn. Prosentsdelen av barn som veks opp i fattigdom er likevel lågare i Herøy enn i landet sett under eitt.

¹ Herøy kommune 42 prosent, landsgjennomsnitt 49 prosent

² WHO klassifisering av overvekt, det vil seie kroppsmasseindeks (KMI) over 25

³ Vedvarande låginntekt vil seie at eit hushald i snitt har tent under 60 prosent av medianinntekt. 2019–2021, Kommune helsa statistikkbank

Visjonar og mål

Hovudmål

Vi skal bidra til at innbyggjarane er meir fysisk aktive ved å legge til rette for idrett, fysisk aktivitet og fri-luftsliv gjennom heile året.

Visjon

«Herøy – ei båtlengd føre» er visjonen vår. Han utfordrar oss til å vere nyskapande og sjå moglegheiter. Men skal vi ligge føre, må vi også lære av det som ligg bak. Vi må stoppe opp, reflektere og ta innbyggjarane sine utfordringar og behov på alvor. Dei svara vi då finn, kan gjere at identiteten vår og fellesskapskjensla vert styrka.

Vi skal utvikle Herøy på ein måte som ikkje belastar miljøet, som tek omsyn til dagens behov utan å øydelegge for framtidige generasjonar. Vi skal legge til rette for ei berekraftig folkehelse også i eit miljøperspektiv.

Kommunen skal vere ein brubyggar som med denne planen skapar eit engasjement i lokalsamfunnet for å saman skape det gode livet i heile Herøy.

17 SAMARBEID FOR Å NÅ MÅLA



1 UTRYDDE FATTIGDOM



3 GOD HELSE OG LIVSKVALITET



5 LIKESTILLING MELLOM KJØNNNA



6 REINT VATN OG GODE SANITÆRFORHOLD



9 INDUSTRI, INNOVASJON OG INFRASTRUKTUR



10 MINDRE ULIKSKAP



11 BEREKRAFTIGE BYAR OG LOKALSAMFUNN



13 STOPPE KLIMAENDRINGANE





Evaluering av den førre planperioden

Den gjeldande kommunedelplanen for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv vart vedteken av kommunestyret i 2010 (kommunestyresak 182/10). Planen er i stor grad utdatert og fleire av forslaga til tiltak er ikkje lenger aktuelle. Nokre av tiltaka er gjennomførte, andre er lagde vekk eller blitt erstatta med nye idéar og behov.

Planen hadde elles ein del tiltak som ikkje handla om fysiske anlegg, slik som bygdevandringar med lokalhistorikarar, Ti på topp i Herøy, fotball-SFO, open hall for ungdom og sykle til jobben-aksjonen. Nokre tiltak har blitt følgde opp og er varige, medan andre var aktive ei kort periode.

Planen var i stor grad ei oversikt over stoda i kommunen og ei opplisting av idéar og tankar om nye anlegg og tiltak.

Spelemidlar

Kulturdepartementet forvaltar den delen av overskotet frå Norsk Tipping AS som vert avsett til idrettsformål. Midlane skal i fyrste rekke brukast til å bygge ut idrettsanlegg, til NIF sin administrasjon og oppgåver og til andre idrettsoppgåver og formål departementet støttar. Sidan 2000 har Kulturdepartementet også hatt eigne tilskotsordningar for lag og foreiningar.

Lag og foreiningar kan søke om tilskot både til å bygge nye og å rehabiliter eksisterande anlegg. Det er viktig at alle som planlegg å bygge idretts- og nærmiljøanlegg set seg godt inn i regelverket.

Viktige punkt frå regelverket:

- For å kunne søke om spelemidlar, må anlegget være omtala i ein vedtatt kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet.
- Anlegget skal utformast slik at det tilfredsstiller dei storleikane og funksjonane som er nødvendige for å gjennomføre aktiviteten anlegget er meint for.
- Anlegget skal være universelt utforma.
- Søkaren må ha rett til å bruke grunnen der anlegget ligg eller skal ligge.

Alle søknadar om spelemidlar skal sendast til den kommunen der anlegget ligg. Fristen i Herøy kommune er 15. oktober for komande år.

Vi vil gi søkerane råd og praktisk hjelp med spelemedelsøknadane. Det er heilt avgjerande for at vi skal nå måla i denne planen.

Oversikt over anlegg som fekk spelemidelstøtte i førre planperiode

Vi nådde i stor grad måla om å få støtte i den førre spelemidelperioden. Vi fekk tilskot til elleve ordinæranlegg og ni nærmiljøanlegg.

Ordinære anlegg

På neste side står ei oversikt over anlegg som har fått utbetalt spelemidlar dei siste ti åra. Fleire av søknadane har fått innvilga eit større beløp enn dei kan få utbetalt på eitt år. I slike tilfelle står søknaden med utbetalinger over fleire år.



Ordinære anlegg

År	Anleggsnamn	Anleggstad	Søkjar	Tilskot
2023	Fleir brukshall Einedalen	Einedalen skule	Herøy kommune	3 333 000
2023	Klubbhus Moltustranda	Munkvoll-bana	Moltustranda idrettslag	356 000
2022	Fotballhall 2	Bergsøy stadion	Bergsøy idrettslag	1 750 000
2022	Frifotanlegg Moltustranda 2	Munkvoll-bana	Moltustranda idrettslag	1 150 000
2021	Fotballhall 1	Bergsøy stadion	Bergsøy idrettslag	1 750 000
2021	Frifotanlegg Moltustranda 1	Munkvoll-bana	Moltustranda idrettslag	1 150 000
2020	Sunnmørsbadet Fosnavåg 3	Herøy kulturhus	Sunnmørsbadet Fosnavåg AS	5 700 000
2020	Klubblokale Gurskøy	Leikanger skule	Gurskøy idrettslag	271 000
2019	Sunnmørsbadet Fosnavåg 2	Herøy kulturhus	Sunnmørsbadet Fosnavåg AS	5 700 000
2019	Fosnavågparken – Gapahuk	Fosnavåg sentrum	Herøy kommune	131 000
2018	Sunnmørsbadet Fosnavåg 1	Herøy kulturhus	Sunnmørsbadet Fosnavåg AS	5 700 000
2018	Klubbhus Bergsøy	Bergsøy stadion	Bergsøy idrettslag	1 433 000
2017	Heid turløyper	Heid-bana	Bergsøy idrettslag	56 000
2017	Kunstgrasbane Gurskøy	Leikanger skule	Herøy kommune	1 000 000
2017	Kunstgrasbane Bergsøy 3	Bergsøy stadion	Bergsøy idrettslag	1 000 000
2016	Kunstgrasbane Bergsøy 2	Bergsøy stadion	Herøy kommune	1 700 000
2015	Kunstgrasbane Bergsøy 1	Bergsøy stadion	Herøy kommune	800 000
2014	Heid turløyper	Heid-bana	Herøy kommune	981 000
	Totalt tilskot			33 961 000

Nærmiljøanlegg

Denne oversikta viser nærmiljøanlegga som har fått utbetalt spelemidlar dei siste ti åra.

År	Anlegg	Stad	Søkjar	Tilskot
2021	Ballbinge	Ytre Herøy ungdomsskule	Herøy kommune	300 000
2019	Akebakke Fosnavåg-parken	Fosnavåg sentrum	Herøy kommune	300 000
2018	Klatrepark	Fosnavåg sentrum	Herøy kommune	300 000
2017	Ballbinge	Frøystad skule	Frøystad Grendelag	300 000
2016	Gapahuk/dagsturhytte på Tverrfjellet	Heid-bana	Heida vel	205 000
2016	Tennisflate Tjørvåg Aktivitetspark 3	Tjørvåg kunstgras og aktivitetspark	Tjørvåg idrettslag	300 000
2015	Heid turløyper	Heid-bana	Bergsøy idrettslag	64 000
2015	Skatepark Tjørvåg Aktivitetspark 2	Tjørvåg kunstgras og aktivitetspark	Tjørvåg idrettslag	300 000
2014	Ballbinge Tjørvåg Aktivitetspark 1	Tjørvåg kunstgras og aktivitetspark	Tjørvåg idrettslag	300 000
	Totalt tilskot			2 369 000

Anleggsregisteret gir oversikt over alle anlegga i kommunen. Det er vårt ansvar å halde dette registeret oppdatert, til dømes å sette statusen som *planlagt*, *eksisterande* eller *nedlagt*. Anleggsregisteret opplyser også om eigar, drivar, fysiske mål og plassering.

Føringar for planen



FN sine berekraftsmål

FN har gjort berekraftig utvikling til eit overordna mål for samfunnsutviklinga både nasjonalt og globalt. Berekraftsmåla speglar dei tre dimensjonane klima og miljø, sosiale tilhøve og økonomi.

Vi vil legge til rette for ei berekraftig utvikling innan idrett og fysisk aktivitet i Herøy. Det dreier seg om å imøtekome behova til innbyggjarane i dag, utan å øydelegge framtidige generasjonar sine moglegheiter til å dekke behov.

Nasjonale føringar

- Rettleiaren «Kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet»
- Stortingsmeldinga Meld St. 26 (2011-2012) Den norske idrettsmodellen
- Stortingsmeldinga Meld. St. 18 (2015-2016) Friluftsliv – Natur som kjelde til helse og livskvalitet
- Stortingsmeldinga Meld. St. 15 (2022-2023) Folkehelsemeldinga – Nasjonal strategi for utjamning av sosiale helseforskellar

Regionale føringar

- Fylkesplan for Møre og Romsdal (2021-2024)
- Anleggspolitikk for Møre og Romsdal (2021-2024) – Grunnlag for prioritering av spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet

Kommunale føringer

- Kommuneplanen for Herøy – samfunnssdelen (2022–2030)
- Kommuneplanen for Herøy – arealdelen (2013–2025)
- Planstrategi for Herøy kommune (2019–2023)

Planprosessen

Denne kommunedelplanen er ei rullering av kommunedelplanen for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv som kommunestyret vedtok i 2010.

Vi har utarbeidd denne planen etter reglane i plan- og bygningslova. Vi varsla oppstart av planarbeidet med eit planprogram. Planprogrammet gjorde greie for føremålet med planarbeidet, planprosessen med fristar og deltaking og opplegg for medverknad. Planprogrammet vart politisk handsama våren 2021. Eit revidert planprogram vart stadfesta av formannskapet i sak 51/21 20. april 2021. Personalsituasjonen i kulturavdelinga har medverka til at planen er forseinka i høve til tidsplanen.

Samspelet med lag og organisasjoner er viktig for å få eit best mogleg kunnskapsgrunnlag. Det same er dialogen med fylkeskommunen, Sunnmøre friluftsråd, Møre og Romsdal idrettskrets og kommunale råd og utval. Møtepunkta med desse har gitt retning til arbeidet med planen. Vi har hatt opne innspelsprosessar underveis i arbeidet.

Nokre milepælar:

- 18. november 2021: oppstartsmøte med Petter Jerset og Hans Roger Tømmervold frå fylkeskommunen, Anne Berit Støyva Emblem frå Sunnmøre friluftsråd og Kjetil Håve frå Møre og Romsdal idrettskrets
- 15. februar 2022: møte med Havlandet og friluftsfolket i Herøy
- 5. mai 2022: ope møte med idrettsrådet og idrettslag i Herøy
- 05.november - 17.desember 2023: planforslag til offentleg ettersyn

Handlingsprogrammet i planen skal sikre god økonomisk planlegging og styring. Programmet skal vise prioriteringane våre og kva vi skal jobbe med i den neste økonomiplanperioden og vidare.

Hausten 2023 vart det sett ned ei ny arbeidsgruppe for å gjere planen ferdig:

- Julianne Hauge, kulturleiar
- Monica Torvik Stokset, folkehelsekoordinator
- Ole Magne Rotevatn, leiar for utviklingsavdelinga
- Lisa Dorthe Sævik Valø, planleggar og spelemidelansvarleg

Arbeidsgruppa har utarbeidd eit planforslag som vert lagt ut til offentleg høyring i november 2023. Kommunedelplanen for idrett og fysisk aktivitet og handlingsprogrammet vert sluttbehandla i kommunestyret i januar 2024.

Organisert idrett

Fleire skal delta i organisert idrett

- Vi skal jobbe for kjønnsbalanse og likestilling.
- Vi skal jobbe for at fleire personar med funksjonsnedsetting deltek.
- Vi skal jobbe mot sosiale og kulturelle barrierar.
- Vi skal jobbe mot rasisme, hets og diskriminering.

No-situasjonen

Vi har mange gode idretts- og aktivitetsanlegg i heile Herøy. Anlegga er viktige sosiale møteplassar for barn, unge og vaksne. Dei bidreg til å bygge samkjensle og identitet og demokrati. Idretten kan også vere vegen til integrering, inkludering og mindre utanforskap. Vi har mange eldsjeler og frivillige som har bidratt til at idretten og anlegga våre har den gode kvaliteten vi ser i dag. På vegen vidare skal vi legge til rette for eit tettare samarbeid. Vi skal arbeider systematisk med dei måla som ligg til grunn i Samarbeidsavtale mellom Herøy kommune og Herøy idrettsråd (skriven under 10. mai 2023).

Herøy kommune har i alt åtte registrerte idrettslag i Norges Idrettsforbund. Desse laga har til saman 2207 medlemmar. Herøy klatrekubb er registrert i 2023, og difor ikkje med i denne oversikta.

Den lokale aktiviteten idrettslag og friluftsorganisasjonar skaper kvar dag, gir mykje fysisk aktivitet og bidreg til god folkehelse.

Idrettslaga i kommunen	Kommune	Innbyggjarane som er medlem i idrettslag
Bergsøy idrettslag	Herøy	17,7 %
Gurskøy idrettslag	Hareid	17,8 %
Herøy biljardklubb	Sande	19,1 %
Herøy dykkerklubb	Volda	22,1 %
Herøy kajakklubb	Vanylven	23,4 %
Moltustranda idrettslag	Ulstein	24,0 %
Tjørvåg idrettslag	Ørsta	28,8 %
Ytre Søre Sunnmøre Symjeklubb		

Prosentvis er få innbyggjarar i Herøy medlem i idrettslag, samanlikna med kommunane rundt oss. Det viser tal frå Møre og Romsdal idrettskrets.

Herøy skil seg også ut ved å ha færre idrettsgreiner som innbyggjarane kan delta i, samanlikna med nabokommunane.

Kommune	Tal på idrettsgreiner
Hareid	10
Sande	10
Herøy	11
Vanylven	12
Ulstein	23
Ørsta	27
Volda	31

Idrettskrinsen har også statistikk som seier noko om kven som er medlem i idrettslaget, med omsyn til alder og kjønn. Tala viser at om lag halvparten av jentene sluttar med organisert idrett i tenåra, medan største-delen av gutane held fram.

Alder	Jente/Kvinne	Gut/mann
6-12 år	270	305
13-19 år	149	275
20 +	748	968

Alder	Kvinne			Mann			Totalt
	6-12	13-19	20+	6-12	13-19	20+	
Norges Biljardforbund Pool Biljard		*	*	6	16	14	40
Norges Dykkerforbund	*	*	*	*	15	38	63
Dykking	*	*	*	*	*	31	
Fridykking	*	*	*	*	15	7	
Norges Fotballforbund Fotball	82	51	63	150	129	175	650
Norges Friidrettsforbund	91	23	155	53	34	90	462
Friidrett på bane	34	*	*	17		7	
Gang, mosjon, turmarsj	37	22	120	30	33	76	
Annan friidrett	20	*	30	6		6	
Norges Håndballforbund Handball	86	85	134	56	74	74	509
Norges Padleforbund Havpadling	*	21	173		32	189	419
Norges Svømmeforbund Svømming	13	10	10	9	15	7	64

* Verdiar under fem vert ikkje tekne med av omsyn til personvern.



Foto: Thomas Sporsheim

Barrierar for deltaking i organisert idrett

Ni av ti barn og unge deltar i organisert idrett i løpet av oppveksten. Tjue prosent sluttar før ungdomsskulen og tretti prosent sluttar i løpet av ungdomsskulen. Det viser ein ny nasjonal rapport om mangfald og inkludering i idretten.

Sosial ulikskap


Barn og unge i familiar med låg sosioøkonomisk status deltek mindre og fell oftere frå organisert idrett, enn barn og unge i familiar med høg sosioøkonomisk status. Den mest utsette gruppa er barn og unge i familiar med vedvarande låginntekt. Personar med etnisk minoritetsbakgrunn og personar med nedsett funksjonsevne er også underrepresenterte i idretten.

Høge kostnadar til utstyr og medlemskap er ei av mange årsaker til at det er slik. Mangel på tilgjengeleg aktivitet i nærleiken av bustaden spelar også inn. Transport til og frå aktivitet kan vere vanskeleg. For personar med nedsett funksjonsevne er barrierane ofte knytte til mangel på lokale og idrettsanlegg som er universelt utforma.

Tiltak for å skape ein meir inkluderande idrett

- Vi må systematisk dokumentere og forankre arbeidet.
- Vi må sikre eit felles, inkluderande språk.
- Vi må sikre mangfald blant forbilde og ansvarspersonar.
- Vi må auke kompetansen om mangfald.
- Vi må ha økonomiske støtteordningar for medlemskap og utstyr.

Viktigast er det at arbeidet med mangfald og inkludering vert prioritert og forankra i alle delar av idretten.



Ordinære anlegg for idrett og fysisk aktivitet

I Herøy er det fleire idrettsanlegg og hallar for ulike aktivitetar. I tillegg vert gymnastikksalar ved skular og grendehus nytta til fysisk aktivitet.

Anlegga er bygde i ulike tider, og det er stadig trøng for å utvikle og modernisere dei. I slike prosessar må vi vareta berekrafta. Gjennom universell utforming er målet å legge til rette for at alle kan delta. Idrettsanlegg skal vere tilgjengelege for flest mogleg gjennom hovudløysinga, slik at det ikkje er behov for særløysingar. For å lykkast med dette arbeidet, må personar med nedsett funksjonsevne få medverke.

Ordinære anlegg	Tal	Område
Symje/badeanlegg	1	Sunnmørsbadet, Fosnavåg
Idrettshall/fleirbrukskall	1	Herøyhallen
Løpebaner	2	Bergsøy stadion, Moltu stadion
Fotballbaner	6	Bergsøy (Havila stadion), Bergsøy stadion (kunstgras), Fiskarhallen, Gurskøy stadion Tjørvåg stadion, Munkvoll stadion
Gymsalar på skular/samfunnshus	9	Einedalen skule, Stokksund skule, Moltu skule, Nerlandsøy skule, Leikanger skule, Bø skule/samfunnshus, Kvalsvik skule, Runde skule
Klubbhus	2	Bergsøy IL, Gurskøy IL
Sandhandball	1	Herøy aktivitetspark
Turstiområde	4	Runde, Leikong, Heid, Herøy gard
Skiløypeområde	1	Leikong lysløype, Heid turløype
Gapahuk	1	Fosnavågparken
Padlehuk	1	Nautøya
Sandvolleyball	1	Herøy aktivitetspark



Foto: Joakim Eiksund



Skileik på Leikong. Foto: Svein Arne Orvik

Fysisk aktivitet

Nasjonal anbefaling for fysisk aktivitet

Barn og unge bør vere fysisk aktive i minst 60 minutt kvar einaste dag, og aktiviteten bør vere variert og ha moderat til høg intensitet. Tiltrådingane for vaksne og eldre er minst 150 minutt med moderat intensitet eller 75 minutt med høg intensitet i veka.

Det er godt dokumentert at fysisk aktivitet fremjar helse, gir overskot og kan medverke å førebygge og behandle over 30 ulike sjukdommar og tilstandar. Er vi fysisk aktive like mykje som det er anbefalt, har det også positiv effekt på den mentale helsa, hukommelsen og søvnkvaliteten.

Barn og unge

Undersøkingar tyder på at stadig fleire barn og unge driv med eigenorganiserte aktivitetar. Det betyr at fleire er meir aktive med friluftsliv, på treningsenter og i anlegg som ikkje dreier seg om organisert idrett.

Eksempel på idrett og aktivitetar i Herøy som ikkje er organisert i Norges Idrettsforbund:

- Herøy jeger- og fiskeforeining
- Sjøspeidarane
- Metizport, ein viktig møteplass innan gaming og e-sport
- Danseundervisning i kulturskulen
- Sunnmørsbadet (gode besøkstal)
- Ungdom som trenar på treningscenter (prosentdelen har auka frå 33 til 46 i løpet av dei siste fem åra)

Nærmiljøanlegg

Nærmiljøanlegga er viktige for den uorganiserte aktiviteten. Vi har mange nærmiljøanlegg omkring i kommunen, spesielt i nærleiken av skulane. Kommunen eig ein del av dei, medan lag og foreiningar eig nokre. Det vart bygd mange ballbingar for nokre år sidan, og fleire av dei treng no å settast i stand.

I tillegg er det fleire anlegg rundt kulturhuset som har status som nærmiljøanlegg. Det er viktig å variere kva anlegg som vert bygde for å gje flest mogleg eit allsidig tilbod.

Nasjonalt er friluftsliv og turgåing den mest vanlege forma for fysisk aktivitet i alle aldersgrupper. Å vere fysisk aktiv i naturen og nærmiljøet er også den aktiviteten flest nordmenn seier dei ønsker å gjere meir av. Undersøkingar viser at det ikkje bør vere lenger enn 200 meter frå bustad eller oppholdsstad til små grøne område, for at områda skal bli brukte som friluftsområde i kvardagen.





Foto: Herøy dykkerklubb

Nær tilgang til grøntområde er særleg viktig for at barn, personar med funksjonsnedsettingar og eldre skal få utfalte seg fysisk. Har nærmiljøet kvalitetar som gjer det godt å leve i for eldre, er det også godt for andre grupper. Å utvikle eit aldersvennleg samfunn kan derfor vere eit nyttig prinsipp i samfunnsutviklinga generelt.



Kvalitetsstandard for leikeplassar

Leikeplassar er ofte viktige samlingsplassar som gir rom for kontakt mellom barn og eldre. Arealdelen i kommuneplanen vår slår fast kor langt unna ein leikeplass kan plasserast.

Frå nye buområde kan det vere maksimalt 50 meter til ein næreleikeplass på minst 200 kvadratmeter. Maksimalt 20 bueiningar kan dele på leikeplassen. Leikeplassen skal minst ha sandkasse, benk og noko fast dekke. I praksis vert det også stilt krav om eit leikeapparat som passar for dei minste.

Større utbyggingar skal ha kvartalsleikeplassar på minst 1500 kvadratmeter, som ikkje kan ligger lengre unna enn 250 meter. Maksimalt 50 bueiningar kan ha leikeplassen saman. Leikeplassen skal legge til rette for varierte aktivitetar som til dømes balleik, aking, sykling og liknande.

Ved feltutbygging med over 150 bueiningar skal det i tillegg etablerast ein fellesleikeplass. Leikeplassen skal vere minst 3000 kvadratmeter stor, og det skal ikkje vere meir enn 500 meter å gå til han frå bustaden. Fellesleikeplassen skal leggjast til rette for balleik og andre aktivitetar som er plasskrevjande.

Nærmiljøanlegg i Herøy

Nærmiljøanlegg	Tal	Område
Lita balløkke/bane	10	Heid, Stokksund, Moltu, Leikanger, Kvalsvik, Runde, Bergsøy
Ballbinge	13	Einedalen, Viketoppen, Bergsøy skule Blåhaugen, Frøystad, Herøy aktivitetspark, Myrvåg (2), Stokksund, Moltu, Nerralsøy, Remøy, Røyra, Leikanger, Tjørvåg
Gapahuk/dagsturhytte	2	Tverrfjellet, Moltu
Akebakke	1	Fosnavågparken
Skatepark/fleirbruksflate	2	Herøy aktivitetspark, Tjørvåg aktivitetspark
Tennisbane	2	Herøy aktivitetspark, Tjørvåg aktivitetspark
Klatrepark	1	Fosnavåg
Tursti	2	Djupvikvatnet og Torvik

Fleire nærmiljøanlegg

Vi veit at kvalitetane i nærmiljøet betyr mykje for kor aktive folk er. Generelt er menneske meir aktive dersom parkar, grøntområde og anlegg for mosjon og idrett ligg i nærleiken av heimen eller arbeidsplassen. Fleire nærmiljøanlegg vil stimulere til aktivitet og betre folkehelsa. Det vil også bidra til å redusere sosial ulikskap.



Deltakarar frå løpet "Fyr til fyr",
Foto Malene Rydjord Ausland

Friluftsliv

Tilrettelegging og tilgjengeleghet

I Herøy er det mange tilrettelagde stiar, som i stor grad er laga av eldsjeler og frivillige. Tradisjonelle friluftsaktivitetar som fotturar, bær- og soppssanking er populære.

Vi har svært mange område som fell inn under definisjonen «strandsona», og det er derfor naturleg at mange av friluftsaktivitetane skjer i dei områda. Eit godt eksempel er havpadling, som har vaks i Herøy dei siste åra. Aktivitetar i fjøra er også ein viktig del av friluftslivet. Tilgangen til fjøra er likevel ikkje alltid enkel, ettersom vegar, bygningar og gjerde kan vere til hinder. Det er viktig å legge til rette for eit mangfald av aktivitetar. Samtidig må vi hindre bit for bit-nedbygging av strandsona og sikre god tilkomst til områda.

Auka bruk av naturen kan føre til interessekonfliktar knytt til landbruk og vern av kulturlandskap. Eit område som er spesielt populært og som har blitt lagt til rette, er Runde. Der opna vi blant anna eit fornya og universelt utforma toalettbygg våren 2023. Det er med på å lette belastinga på naturen som kan kome av auka friluftsliv og turisme.

Det vil kunne bli behov for meir tilrettelegging med betre vegar, parkeringsplassar, sanitær- og renovsjonsløysingar ved dei mest populære utfartsområda. Dette har blitt aktualisert dei siste åra på grunn av eit aukande naturbasert reiseliv, i tillegg til auka lokal bruk. Det er både viktig og utfordrande å legge til rette for aktivitet samtidig som ein klarer å ta vare på naturen.

I kommuneplanen sin samfunnsdel har vi peika på at kommunen skal vere ein attraktiv turistdestinasjon. Det skal leggast til rette for miljøvenleg, turistretta næring. Tilrettelegging for friluftsliv kan vere eit aktuelt tiltak. Å syte for tilgang til natur og legge til rette for miljøvennleg bruk av naturen, vil bygge opp under måla i planen.

Statleg sikra friluftsområde

Statleg sikra friluftslivsområde er område som det offentlege har skaffa seg råderett over ved kjøp eller avtale om bruksrett. Staten har bidrige til at desse områda har blitt sikra for ålmenn bruk etter at kommunen har søkt om det. Eigedomane som blir sikra er først og fremst populære område der bruken overstig det grunneigar må akseptere som følgje av allemannsretten. Område der det er behov for fysisk tilrettelegging for å vareta allemannsretten, blir også prioriterte.

I eit statleg sikra friluftsområde har kommunen eller eit interkommunalt friluftsråd teke på seg drifts- og tilsynsansvaret. Områda skal forvaltast slik at dei er tilgjengelege og attraktive å bruke.

Herøy kommune har fleire område som er statleg sikra.

Område	Beskriving
Parkeringsplass på Runde (Goksøyra)	Området skal primært sikre at besøkande får parkert. Toalettbygget og avfallshandteringa vart oppgraderte i 2023.
Parkeringsplass på Leikong	Området er tenkt nytta til parkeringsplass og tursti, og det vil kople bygda mot turområdet på Leikong. Området er ikkje opparbeidd i dag.
Skorpa	Dette er eit sikra friluftsområde utan behov for særskilt tilrettelegging.
Klubben/Toftestøa	Her er det eit sikra friluftsområde med badepllass. Området kan vidareutviklast og leggast til rette med avfallsløysingar og toalett.
Nautøya / La strada Siesta	I dette sikra friluftsområdet er det etablert padlehuk.
Herøy gard	Her er det friluftsområde og parkeringsplass (to område). Området skal byggast ut med naust til Sunnmørsjekta, flytebrygger og utvida parkeringsplass.

Friluftslivets ferdsselsårer

Å kartlegge friluftslivets ferdsselsårer er eit verkemiddel for å identifisere, vareta og utvikle stiar, turvegar, løyper og leier som er viktige for korleis vi nyttar friluftsområda. For at alle skal kunne få høve til å vere fysisk aktive og oppleve natur i kvardagen, må vi sikre og utvikle moglegheitene i nærmiljøet.

For å kunne legge til rette for eit godt tilbod av ferdsselsårar for friluftslivet, er det viktig at vi har kunnskip om kva ferdsselsårer vi har. Vi treng også å kartlegge korleis vi kan utvikle ferdsselsårene på ein berekraftig måte for å skape meir aktivitet.

Dei turområda som ligg nær tettstadane er viktige for friluftsliv og vert mest brukte. I tillegg er skog- og fjellområda viktige friluftslivsområde, sommar som vinter. Mange stiar, skiløyper og turområde er alle reie kjende, men ligg ikkje inne i digitale kart.

Det er naturleg at vi startar ein prosess for å utarbeide ein plan for friluftslivets ferdsselsårer i Herøy.

Motivasjon for friluftsliv

I tillegg til anlegg er det viktig med andre verkemiddel som kan stimulere til aktivitet. Vi er medlem av Sunnmøre friluftsråd, som tilbyr turtrimmen Stikk Ut!. Ti på topp i Herøy er også eit aktivitetsfremjande tiltak i regi av kommunen.

Utfordringar og moglegheiter

Utfordringar

Utfordringane i Herøy skil seg ikkje særleg frå dei vi ser nasjonalt. Alderssamansettina i kommunen blir endra framover: Vi blir færre yngre og fleire eldre. Kommunen sin samfunnsdel peikar på at det i større grad må utviklast tenester og tilbod som støttar opp under førebygging, tidleg innsats og rehabilitering.

Sosial ulikskap er ei utfordring både i idretten og samfunnet elles. Barn og unge i familiar med låg sosioøkonomisk status deltek mindre enn barn og unge i familiar med høg sosioøkonomisk status.

Det er ein aukande tendens til overvekt i Herøy. Det ser vi mellom anna i Folkehelseprofilen og i Ungdatatundersøkingane. Mange er fysisk inaktive i skule, jobb og fritid. Derfor er det viktig å motivere fleire til å bli fysiske aktive i daglege gjeremål og i fritida.

Hovudinnsatsen bør rettast mot at dei minst aktive skal bli meir aktive, mellom anna ved å legge til rette for lågterskeltilbod og aktivitet i nærmiljøet.

Moglegheiter

Vi skal bidra til å auke det fysiske aktivitetsnivået i befolkninga gjennom å legge til rette for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv gjennom heile året.

Nedanfor peikar vi på tiltak som vil bidra til at folk vert meir aktive.

Kommunen skal legge til rette for gå- og aktivitetsvenlege nærmiljø

- Det skal vere trygt og enkelt å gå eller sykle til og frå arbeid, skule, aktivitetar og andre gjeremål.
- Grøntområde skal vere tilgjengelege og attraktive, ved å rydde og merke stiar, kome med turforslag og syte for god lyssetting.

Ha eit inkluderande aktivitetstilbod der alle kan delta uavhengig av ressursar, tilknyting til arbeidslivet, funksjonsnivå og kultur.

Barnehagar og skular i kommunen skal ha godt utforma uteområde

- Godt utforma uteområde rundt barnehagar og skular gjev moglegheiter for leik og fysisk aktivitet, og i tillegg sosialt samvær og kvile.
- Uteområda i barnehagar og på skular kan også vere viktige aktivitetsarenaer og møteplassar i nærmiljøet.
- Når vi planlegg uteområda skal vi ta omsyn til universell utforming, trafikksikring, naturelement og variert terreng.

Kommunen skal ha eit godt tilbod til eldre

- Tiltak som aukar den fysiske aktiviteten blant eldre bør kombinerast med tiltak for sosial samhandling og gode møteplassar. Å delta i sosialt samvær og fysiske aktivitetar er positivt både for fysisk og psykisk helse og kan førebyggje eller utsetje funksjonssvikt i eldre år.

Kommunen skal samarbeide for å nå måla

- Samarbeidsavtalen mellom kommunen og idrettsrådet sikrar heilskap og gode løysingar.
- Støtte frå kulturmidlane skal motivere til meir mangfald i idretten.
- Vi skal legge til rette for regionale samarbeid som kan auke aktivitetstilbodet for personar med nedsett funksjonsevne.



Fysisk og sosialt i lesehytta på Moltu. Foto: Gunhild Navjord



Fotballtrening. Foto MTG Idrettslag

Handlingsprogram

Prioritering av tiltak og anlegg

Kommunedelplanen skal innehalde ei prioriteringsliste for anlegg og område som vi planlegg å byrje på eller fullføre i planperioden.

Spelemidelordninga skil mellom ordinære anlegg og nærmiljøanlegg. Tilsvarande har vi utarbeidd to ulike prioriteringslister. For ordinære anlegg er det ein føresetnad at tiltaket det vert søkt om tilskot til inngår i ein vedteken kommunal plan.

Kommunen vel sjølv kva vi legg vekt på ved utforminga av prioriteringslista, men tiltak som svarer på utfordringar og mål i kommunedelplanen blir prioritert.

Handlingsprogrammet blir årleg rullert av kommunen og det er naturleg at vi samarbeider tett med idrettsrådet i denne prosessen.

Prioriteringsliste for ordinære anlegg

Bygging og rehabilitering av anlegg for idrett og fysisk aktivitet med stort brukspotensial

	Anleggsnamn	Eigar	Annlegstad	Kostnad	Berekna anlegg-start
1	Einedalen fleirbrukshall	Herøy kommune	Einedalen skule	40 555 000	2019
2	Lager/stadionbygg	Bergsøy IL	Havila stadion	1 627 451	2024
3	Skifte av lysanlegg	Herøy kommune	Tjørvåg stadion	1 298 125	2025
4	Leikongsætra turveg	Gurskøy IL	Leikongsætra	2 815 546	2025
5	Nørvågen - Hornseten turveg	Bergsøy IL	Heid turveg	3 780 000	2025
6	Rehabilitering av kunstgrasbane på Havila stadion	Herøy kommune	Havila stadion		
7	Sjuarhall ved Tjørvåg stadion	Tjørvåg IL			
8	Ny sløyfe rundt Grøneåsen/Leikong	Gurskøy IL	Leikong		
9	Rehabilitering av kunstgrasbane på Bergsøy stadion	Herøy kommune	Bergsøy stadion		
10	Sanitæranlegg til friluftsområde ved Herøy gard	Herøy kommune	Herøy gard		2027
11	Rehabilitering av friidrettsdekke på Havila stadion	Herøy kommune	Havila stadion		2028
12	Rehabilitering av kunstgras på Tjørvåg stadion	Herøy kommune	Tjørvåg stadion		
13	Myrvåg Folkehelsepark		Myrvåg		
14	Fleirbrukshall	Bergsøy idrettslag	Myrvåg		

Prioriteringsliste for nærmiljøanlegg

Bygging og rehabilitering av nærmiljøanlegg

	Anleggsnamn	Eigar	Anleggstad	Kostnad	Berekna anleggstart
1	Gapahuk på Leinemastra	Leine krins grendalag	Leine mastra	140 000	2025
2	Oppgradering av tursti	Kvalsik grende- lag	Kvalsikfjellet		
3	Rehabilitering av ballbinge	Herøy kommune	Moltu skule		
4	Rehabilitering av ballbinge	Herøy kommune	Herøy kulturhus		
5	Rehabilitering av to ballbingar	Herøy kommune	Bergsøy skule, Blå- haugen		
6	Rehabilitering av to ballbingar	Remøy og Sævik grendalag			

Langsiktige behov

Det er mange langsiktige behov i Herøy kommune. Den organiserte idretten har behov for at eksisterande anlegg blir lagde til rette og oppgraderte, og at det kjem nye og allsidige tilbod. På same tida er det behov for å legge til rette for uorganisert aktivitet i større grad enn i dag. Område i nærliken av bustadfelt bør særleg vektleggast.

I planprosessen har det kome ei rekke innspel om framtidige behov og ønske. Tiltaka under er sett opp i vilkårleg rekkefølge:

- møteplassar, til dømes gapahukar, pumptrack-baner, myldreområde (gjeld fleire stader og idrettslag i alle delar av kommunen)
- fleire tilrettelagde stiar
- parkering, sanitæranlegg og bosshandtering ved friluftsområde.
- utandørs treningsapparat, til dømes ved Havila stadion
- hengekøyepllassar/utkikspunkt
- frisbeegolf
- Nerlandsøy grendalag: sykkelenbane på leikeplassen i Mjelthaugsvegen på Kvalsund
- Bergsøy IL Handball: ny fleir brukshall tilpassa spel i 1. divisjon
- Bergsøy IL Handball: oppgradering av Herøyhallen
- Tjørvåg: nytt dekke og lysanlegg

Andre langsiktige behov:

- plan for friluftslivets ferdelsårer
- kartlegge status på ballbingar og leikeplassar, med prioriteringsliste
- utarbeide retningslinjer for miljøomsyn knytt til kommunale tilskot ved utbygging av ordinære anlegg og nærmiljøanlegg, til dømes bruke «raudlista for truga naturopplevelingar»

Friluftsanlegg og arealbehov

Ein føresetnad for eit aktivt friluftsliv er at folk har tilgang på små og store naturområde, både i byggesona, ved sjøen, i skogen og på fjellet. Kommunen har ei viktig rolle i å ta vare på desse områda.

Behov framover knytt til rehabilitering av anlegg:

- Kunstgrasbanene som er etablerte i Herøy er over ti år og har behov for rehabilitering. Det gjeld begge banene til Bergsøy IL og Tjørvåg IL.
- Ballbingane som vart bygde i tida 2005–2014 treng reparasjon/renovering
- Løpebane på Bergsøy stadion har behov for rehabilitering.



Foto: Wenche Moltu

Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet : 2023



Teiknforklaring - Blad 1 av 3

Idrettsanlegg i Herøy kommune (Pr. 11.10.2023)

- Nær miljøanlegg
- Ordinært anlegg

Statleg sikra friluftslivområde (Pr. 17.10.2023)

- Områdeavgrensing

Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet: 2023




Ekvidistanse: 20 m

Målestokktal:
1:50000

0 1 km



Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet : 2023



Teiknforklaring - Blad 2 av 3

Idrettsanlegg i Herøy kommune (Pr. 11.10.2023)

- Nærmiljøanlegg
- Ordinært anlegg

Statleg sikra friluftslivområde (Pr. 17.10.2023)

- Områdeavgrensing

Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet: 2023




Ekvidistanse: 20 m

Målestokktalet:
1:50000

0 1 km



Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet : 2023



Teiknforklaring - Blad 3 av 3

Idrettsanlegg i Herøy kommune (Pr. 11.10.2023)

- Yellow circle: Nærmiljøanlegg
- Red square: Ordinært anlegg

Statleg sikra friluftslivområde (Pr. 17.10.2023)

- Blue line: Områdeavgrensing

Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet: 2023




Ekvidistanse: 20 m

Målestokktal:
1:50000

0 1 km





Kjelder:

Folkehelseundersøkinga i Møre og Romsdal, 2021

[Kunnskapssamanstilling om deltaking, barrierar og tiltak.
Rambøll 2023.](#)

Gjesdal og Hedenborg, 2021; Straume mfl., 2018
Ungdata.no

[Kommunehelsa statistikkbank\(fhi.no\)](#)

[Folkehelseprofil og oppvekstprofiler for kommuner og
bydeler - FHI](#)

["Planlegging av grønstruktur i byer og tettsteder" Direktoratet for
naturforvaltning](#)

Herøy kommune
Rådhusgata 5

Postboks 274
6099 Fosnavåg

Layout, utforming og korrektur: Kommunikasjonsavdelinga

